


Utviklingsprosjektet inn i nytt år

24.01.2007



Prosjektleiar Kristian Bringedal (til dagleg kultursjef i Kvinnherad) ser fram mot ein fruktbar idedugnad då Bygdeutviklingsprosjektet held sitt første fellesmøte i 2007 mandag. Biletet er teke under presentasjonen av boka "Kvinnheringar i krig" på Solheim Turiststasjon i fjer.
(Foto: Ola Matti Mathisen).

Bygdeutviklingsprosjektet for Uskedalen er inne i eit nytt år og måndag kveld skal det haldast eit møte på skulen for planlegging av arbeidet i 2007.

- I tillegg til medlemmene i dei ymse gruppene er det sjølvsagt høve for nye interesserte til å møta fram – både for informasjon og for deltaking i prosjektet, seier prosjektleiar Kristian Bringedal

Han ser fram mot ein fruktbar idedugnad. Også ein eventuell endring og omorganisering av prosjektet skal drøftast.

Prosjektet har vore organisert i fem komitear: Sentrumsutvikling, næringsutvikling, kultur/turisme/informasjon, friluftsliv/turvegar og lokal matproduksjon.

I fjor arbeidde prosjektet mellom anna med desse sakene:

- Heimesida uskedalen.no, som kom i ny utgåve frå juli og som no på nyåret har nådd over 500 besøk i døgnet (talet på maskiner som har vore inne). Sida har hatt 450 nyhende sidan nystarten.
- Ny turistbrosyre som kom i mai.
- Ny skiltplan for bygda. Fleire nye skilt kjem med det første medan andre sanerast.
- Ny badestrand i Stølavikjo er opparbeidd og var svært populær i sommar.
- Det har vore dugnad på og merking av turstigar.
- Guida turar opp gjennom dalen og til Skorpo er avvikla.
- Det er arbeidd med næringstiltak, til dømes gardsturisme og småskalaverksemder.
- Med det første blir ein ny rastepllass med benkar, bord og boskorgar opna inntil Sandavegen. Ein rastepllass nummer to kjem kanskje i år.
- Det har vore ein velluka samordning og felles marknadsføring av større arrangement, under overskrifta SOMMARBYGDA USKEDALEN.

Av Ola Matti Mathisen